



Arkivnr: 2015/4587-3
Saksbehandlar: Anne Vedvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.05.2015
Fylkesutvalet		19.05.2015

Kontroll av køyresetlar for drosjenæringa i Bergen køyreområde

Samandrag

I fylkesutvalet sitt møte 26.03.2015 vart følgjande forslag vedteke:

«Fylkesutvalet ber om ei sak om systemet knytt til kontroll av køyresetlar for drosjenæringa i Bergen køyreområde, Saka bør og leggje fram eventuell statistikk frå denne kontrollverksemda og ha framlegg til tiltak for å betre denne om det viser seg at det er trong for dette.»

I saka gjer ein greie for det rettslege grunnlaget for utferding og kontroll av køyresetlar, praktisering av regelverket og nye tiltak.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.04.2015

I fylkesutvalet sitt møte 26.03.2015 vart følgjande forslag vedteke:

«Fylkesutvalet ber om ei sak om systemet knytt til kontroll av køyresetlar for drosjenæringa i Bergen køyreområde. Saka bør og leggje fram eventuell statistikk frå denne kontrollverksemda og ha framlegg til tiltak for å betre denne om det viser seg at det er trong for dette.»

Rettsleg grunnlag

Kap. 7 A i yrkestransportlova omhandlar køyresetel. I § 37a går det fram at:

Førar av drosje, selskapsvogn, turvogn, rutevogn og motorvogn som er spesielt utforma og/eller utstyrt for transport for funksjonshemma, må under persontransport mot vederlag ha køyresetel i tillegg til førarkort.

Kjøyresetel gjeld for heile landet og blir utferda av politimeisteren eller den han gir myndigheit der vedkomande bur. Det er ikkje nødvendig med ny køyresetel ved skifte av bustad, jf. § 37 c andre ledd.

Kjøyresetel blir utferda for 10 år. For person som er fylt 60 år blir køyresetelen utferda for 5 år, men ikkje lenger enn til innehavaren fyller 75 år. Etter fylte 70 år må gyldig legeattest som ikkje er eldre enn 1 år, takast med for at køyresetelen skal vere gyldig. Dersom særlege helseforhold tilseier det, skal perioden køyresetelen er gyldig for setjast kortare.

Nærare om vilkåra for tildeling av køyresetel går fram av § 37 c:

Den som skal få køyresetel, må være fylt 20 år og ha slik vandel at politiet ikkje finn vedkomande uskikka til å virke som førar av slik motorvogn som nemnd i § 37 a.

Politimeisteren eller den han gir myndigheit kan bestemme at det for å få køyresetel for drosje skal krevjast avlagt prøve som viser tilstrekkeleg kjennskap til løyvedistriktet. Er slikt vedtak sett i verk, gjeld ikkje køyresetel frå anna politidistrikt utan påteikning frå politiet om at vedkomande har stått til kjentmannsprøven.

I fylgje § 37 e kan politiet beslagleggja køyresetel ved skilleg grunn til mistanke om straffbart forhold. I § 37 f heiter det at:

Politimeisteren eller den han gir myndigheit, kan treffe vedtak om å kalle retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag tilbake, dersom vedkomande ikkje er edrueleg eller viser seg å vere upåliteleg eller ha andre eigenskapar som gjer at han må reknast som uskikka til å vere førar av bil under persontransport mot vederlag.

Blir den som har køyresetel ilagt straff, kan det i same dom eller ved førelegg fastsetjast tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag for ei bestemt tid eller for alltid, dersom allmenne omsyn elles krev det.

Av yrkestransportlova § 38 går det fram at

Førar av motorvogn eller fartøy i løyvepliktig transport eller løyvefri eigentransport, skal på kvar einskild transport ha med seg dei legitimasjonane som det er fastsett at han skal syne fram når det vert ført kontroll av politiet, Statens Vegvesen eller annan offentleg tenestemann som departementet gjev rett til å føre kontroll etter denne lova.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Etter regelverket er det *føraren*, altså den som faktisk køyrer drosje, anten vedkomande er løyvehavar eller tilsett sjåfør, som må ha køyresetel i tillegg til førarkort, jf. § 37 a. Det er politiet som har mynde til å nekta køyresetel, jf. § 37d, til å beslagleggja køyresetel, jf. § 37e eller tilbakekalla køyresetelen og ta frå føraren retten til å føra motorvogn ved løyvepliktig persontransport, jf. § 37f.

Fylkeskommunen er løyvestyresmakt, og utferdar drosjeløyve, jf. yrkestransportlova § 12. Det er ikkje eit krav i yrkestransportregelverket at *innehavar* av drosjeløyve skal køyra drosje sjølv. Er søkjar eller innehavar av drosjeløyve t.d. nekta køyresetel av helsemessige årsaker, kan vedkomande likevel vera kvalifisert for å inneha drosjeløyve. Løyvehavar kan administrera og driva drosjeløyve med berre tilsette sjåførar. Samferdselsavdelinga kontrollerer såleis ikkje om søkjarar og innehavarar av drosjeløyve har gyldig køyresetel. Når det gjeld tilsette sjåførar hjå den einskilde løyvehavar har samferdselsavdelinga ikkje kontakt med desse.

Er søkjar eller løyvehavar frådømt retten til å føra motorvogn ved løyvepliktig persontransport, vil dette gå fram av vandelsattesten. Vandelskravet vil då ikkje vera oppfylt og det ligg føre grunnlag for å tilbakekalla drosjeløyve eller nekte tildeling. Samferdselsavdelinga kontrollerer vandelen til alle søkjarar til drosjeløyve. Vidare har ein kontrollert vandelen til eksisterande løyvehavarar rutinemessig kvart femte år. Etter endringer i politiregisterlova og yrkestransportforskrifta, vert vandelen no kontrollert kvart tredje år.

Politiet utferdar køyresetel etter vandelskontroll og kontroll av kjentmannsprøva. Ansvaret for å gjennomføra kjentmannsprøver ligg i dag til den enkelte drosjesentral i Bergen køyreområde. Sentralane sender namnelister til politiet over sjåførar og løyvehavarar som har tatt kjentmannsprøve. Den einskilde søkjar om køyresetel må leggja fram dokumentasjon for bestått kjentmannsprøve for politiet som så kontrollerer vedkomande mot listene frå sentralane. Som fylgje av at legar ikkje utferdar legeattest for lengre periodar enn 5 år, må køyresetel i praksis fornyast kvart femte år sjølv om regelverket krev fornying kvart tiande år.

Politiet kontrollerer ikkje køyresetlar rutinemessig. Når det gjeld kontroll etter yrkestransportlova § 38 er det primært politiet og Statens Vegvesen som gjennom utekontroll på veg kontrollerer at føraren av drosje har dei lovpålagde kontrolldokument, her under køyresetel, med under transporten.

I Bergen køyreområde er det tilslutningsplikt til drosjesentral for alle løyvehavarar. Rutinemessig kontroll av køyresetlar vert såleis sentralane sitt ansvar, men slik kontroll er per i dag ikkje regelfesta.

Samferdselsavdelinga har bede sentralane gjera greie for korleis dei praktiserer slik kontroll. Berre Taxi 1 har svart innan fristen 28. april.

Taxi 1 opplyser at sentralen kontrollerer køyresetelen for alle eigne og tilknytta sjåførar og løyvehavarar før ID-kort vert utferda. Sentralen opplyser ikkje kor ofte ID-kort har vore fornya, men opplyser at nytt tiltak no er sett i verk der ein kontrollerer køyresetlane kvart halvår.

Samferdselsavdelinga arbeider med revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde og vil fremja sak om dette i løpet av hausten 2015. I det nye reglementet legg ein opp til meir konkrete og detaljerte pliktar som kvilar på drosjesentralar og løyvehavarar, deriblant sentralane sitt kontrollansvar i høve til køyresetel i samband med utferding av ID-kort og fristar for fornying av slikt kort.